

STRUKTUR FOR TEMAGUDSTENESTE – TIL INFORMASJON I KYRKJELYDANE IMSLAND, VIKEDAL OG SANDEID

<h2>I. samling</h2> <h3>1 Førebuing</h3> <p>Kyrkjerommet kan vera ope ei stund før gudstenesta, med høve til å tenna lys og sitja stille, i ettertanke og bøn.</p> <p><i>Klokkeringing</i></p> <p>Før dei avsluttande tre slaga kan det vera:</p> <p><i>Informasjon om gudstenesta i dag</i></p> <p>Informasjonen blir avslutta med</p> <p>«Lat oss vera stille for Gud»</p> <p>eller ei anna formulering som førebur kyrkjelyden til å vera saman for Guds andlet.</p> <p><i>Kort stille</i></p> <p><i>Tre klokkeslag</i></p>	
<h3>2 Inngangssalme</h3> <p>Før inngangssalmen kan det vera eit preludium, normalt som forspel til salmen, eller ein korsong.</p> <p>Det kan vera prosesjon under preludiet/forspelet og/eller inngangssalmen.</p> <p>Kyrkjelyden står under prosesjonen.</p> <p>Dersom brød og vin ikkje er sett fram på eit eige bord før gudstenesta, blir dette bore inn i prosesjonen og sett på bordet eller på altaret.</p>	
<h3>3 Inngangsord</h3> <p>Før dei to første inngangsorda kan liturgen seia: Kjære kyrkjelyd.</p> <p>L Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.</p> <p>eller</p> <p>L Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage andens samfunn vere med dykk alle.</p> <p>eller</p> <p>L I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.</p>	

4 | Samlingsbøn

2

Gode Gud, du som gjev liv til alt som lever. Vi prisar deg for alt det vakre på vår jord, og for alt som lèt oss kjenna at du er god. Her for ditt andlet bed vi: Gjev oss lyttande øyre, takksame hjarte og villige hender, så vi kan høyra ordet ditt, lovprisa deg for di miskunn, og i ord og gjerning vitna om dine storverk.

Dagens bøn kan brukast som samlingsbøn, først og fremst på høgtidsdagar, *sjå ledd 8*. Samlingsbøna kan innleiast med:

ML | Lat oss be. eller Lat oss takka og be.

Samlingsbøna blir avslutta med:

ML | Gud vi bed. eller Vi bed i Jesu namn.

A | Amen.

5 | Syndsvedkjenning

Følgjer her, eller kjem før forbøna. *Sjå ledd 16*. Alle bed syndsvedkjenninga høgt. Før innleiingsordet kan liturgen seia:

L | Vår Herre Jesus Kristus seier: Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av alt ditt vit. Dette er det største og første bodet. Men det andre er like stort: Du skal elska nesten din som deg sjølv. *Matt 22,37–39*

Synsvedkjenninga blir innleidd med:

L | Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.
eller

L | Lat oss bøya oss for Gud og be om tilgjeving.
eller

L | Lat oss ransaka oss sjølv for Guds andlet og sanna syndene våre.

Liturgen kan seia eit lovnadsord etter syndsvedkjenninga.

Det kan vera ei kort stille før syndsvedkjenninga eller før lovnadsordet.
Liturgen kneler under syndsvedkjenninga og den stille stunda. Også kyrkjelyden kan knela.

5

Heilage Gud, du har vist oss din gode vilje for livet.
Du har gjeve oss éi jord til bustad for alle menneske.
Vi vedkjenner at vi ved våre haldningar og handlingar
skader det livet du har skapt, og har gjort deg imot.
Tilgjev oss vår synd. Gjev oss visdom og mot til å gjera
din vilje.

6 | Bønerop kyrie

Kyrie eleison blir sunge.

Kyrie eleison.

Kriste eleison.

Kyrie eleison.

eller

Kyrie eleison. Gud Fader, miskunna deg (over oss).

Kriste eleison. Herre Krist, miskunna deg (over
oss).

Kyrie eleison. Heilag Ande, miskunna deg (over
oss).

eller eit anna kyrie, *sjå side 2.39.*

Kyrie kan utvidast til eit kyrielitani. *Sjå side 2.39.*

L/ML | Herre Jesus, du er vår fred.

A | Kyrie eleison.

L/ML | Du fører saman det som var skilt.

A | Kyrie eleison.

L/ML | Du gjev oss den glade bodskap.

A | Kyrie eleison.

L/ML | Du gjev oss forlating for syndene.

A | Kriste eleison.

L/ML | Du har vunne over døden.

A | Kriste eleison.

L/ML | Du gjev oss nytt liv.

A | Kriste eleison.

L/ML | Du som sit ved Faderens høgre,

A | Kyrie eleison,

L/ML | du skal koma attende i herlegdom.

A | Kyrie eleison.

L/ML | Du samlar dine truande i Faderens rike.

A | Kyrie eleison.

Kyrie kan utelatast i enkelte gudstenester.

7 | Lovsong gloria

5

L/ML | Ære vere Gud i det høgste

K | og fred på jorda blant menneske (som) Gud har glede i.

Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

ML | Du, Gud som råder over sol og stjerner og kallar fram kvart strå på jorda. Ditt auge ser all naud i verda, og du er ein Far, er vår Far.

K | Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

ML | Jesus Kristus, vår bør den bar du og lyfte skulda av oss.

Oppstaden er du alltid hos oss, evig bed du for oss hos Far.

K | Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi

opphøgjer deg.

ML | Heilage Ande, du nyar opp att jordas andlet og gjev all verda liv.

Til syndarar talar du trøyst og lyser oss heim til Far, til vår Far.

K | Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Amen.

Ein kan bruka andre høvelege salmar eller lovsongar – valde etter temaet i gudstenesta og/eller tida i

kyrkjeåret. Eventuelt kan eitt eller fleire lovsongsomkvede brukast.

Eventuelt kan ein annan lovsong eller eitt eller fleire lovsongsomkvede brukast.

Sjå side 2.41.

Dåp i hovudgudstenesta har ein vanlegvis her.

II. ordet

I andre hovudgudstenester enn høgmissa kan det vera to lesingar, eller ei lesing (evangeliet). Då kan ledd 10 Bibelsk Salme / Salme utelatast.

Kyrkjelyden står under evangelielesinga og sit under dei andre lesingane.

8 | Første lesinga

Frå Det gamle testamentet

L/ML | Lat oss høyra Herrens ord.

ML | Det står skrive hos/i ...

Lesinga sluttar med:

ML | Slik lyder Herrens ord.

Kyrkjelyden kan svara:

K | Gud vere lova.

9 | Bibelsk salme / Salme

Ein kan syngja ein bibelsk salme eller ein annan salme, eller det kan vera stilt ei kort stund mellom lesingane.

10 | Evangelium

Halleluja/Salme

Evangelielesinga blir innleidd og avslutta med eit hallelujaomkvede eller ein kort salme.

Kyrkjelyden står under hallelujaomkvede.

Ein kan òg ha evangelieprosesjon.

Dersom salme blir brukt, kan ein syngja vers frå salmen både før og etter lesinga. Om ein syng heile salmen før lesinga, kan predikanten lesa evangeliet eller annan preiketekst i samband med preika.

L/ML | Det står skrive i evangeliet etter ...

Kyrkjelyden står under lesinga.

Lesinga sluttar med:

L/ML | Slik lyder det heilage evangeliet.

11 | Preike

Predikanten preikar til vanleg over evangelieteksten. Når den første eller andre leseteksten er sett opp som preiketekst, kan den teksten lesast her. Forteljingsteksten kan koma i staden for den oppsette preiketeksten.

På høgtidsdagar, og når det elles er ønskjeleg, kan preika ta til med ein kort innleiingsdel før ein les preiketeksten.

I preikedelen kan det i samråd med liturgen leggjast inn aktualiserande, dramatiserande eller aktiviserande innslag som er samordna med innhaldet i preika.

Preika kan avsluttast med lovprisinga:

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som var og er og vera skal éin sann Gud frå æve og til æve.

Etter preika kan det vera høve til ei stille stund, ein kort salme eller meditatív musikk.

12 | Truvedkjening credo

Truvedkjenninga blir sunge eller sagt fram.

Dersom det er dåp i gudstenesta, kan truvedkjenninga utelatast her. Eventuelt kan ein her syngja ein truvedkjenningssalme.

Kyrkjelyden står under truvedkjenninga.

ML/L | Lat oss vedkjennast vår heilage tru.

A | Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre, som vart avla ved Den heilage ande, fødd av Maria møy, pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, døydde og vart gravlagd, fór ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen, fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader, skal koma att derifrå og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande, ei heilag, allmenn

kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av lekamen og evig liv.

Amen. Den apostoliske truvedkjenninga.

13 | Salme

Salmen kan utelatast dersom ein syng truvedkjenninga.

III. forbøn

14 | Kunngjeringar

Kan plasserast her eller ein annan stad i gudstenesta, eller formidlast til kyrkjelyden på annan måte.

Synsvedkjenning

Plasserast her eller etter samlingsbøna, ledd 4.

Alle bed synsvedkjenninga høgt.

Før innleiingsordet kan liturgen seia:

L | Vår Herre Jesus Kristus seier: Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av alt ditt vit. Dette er det største og første bodet. Men det andre er like stort: Du skal elska nesten din som deg sjølv. Matt 22,37–39

Synsvedkjenninga blir innleidd med:

L | Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.
eller

L | Lat oss bøya oss for Gud og be om tilgjeving.
eller

L | Lat oss ransaka oss sjølv for Guds andlet og sanna syndene våre.

Liturgen kan seia eit lovnadsord etter synsvedkjenninga.

Det kan vera ei kort stille før synsvedkjenninga eller før lovnadsordet.

Liturgen kneler under synsvedkjenninga og den stille stunda.

15 | Forbøn for kyrkja og verda

Forbøna kan utformast lokalt, eller ein kan bruka ferdig formulerte bøner.

Forbøna bør helst leiast av ein medliturg. Dei enkelte bøneavsnitta kan lesast av fleire.

Kvart bøneavsnitt kan avsluttast med

Gud, vi bed.

eller

Det bed vi deg om, Gud.

lese eller sunge av den som bed bønneavsnittet, eller forbønnsleiaren, liturgen eller kantor/forsongaren.

Forbøna med lokal utforming kan disponerast etter desse temaområda:

- 1 Folk og nasjonar på jorda.
- 2 Vårt eige land og folk.
- 3 Den verdsvide kyrkja og kyrkja i vårt eige land.
- 4 Vår eigen kyrkjelyd, familiane våre og staden der vi bur.
- 5 Aktuelle hendingar.

Ein bed for aktuelle hendingar i dei temaområda der dei naturleg høyrer heime (1–4), eller i eit eige avsnitt (5).

Sjå meir utførleg rettleiing om temaområda, modellar for lokalt tilrettelagde forbøner og formulerte forbøner, side 2.45.

Forbøna kan innleiast med:

ML/L | Lat oss be for kyrkja og verda.

Kyrkjelydssvar

Etter kvart bønneavsnitt følgjer eit svar frå kyrkjelyden, sunge eller lese. *Sjå side 2.65.*

16 | Takkoffer frå kyrkjelyden

Kan ein samla inn her eller under salmen i ledd 19.

Under takkofferet kan det framførast høveleg instrumental- eller vokalmusikk.

Takkofferet kan samlast inn i kyrkjebenkene eller ved at ein går rundt altaret.

Ofringa kan avsluttast med ei kort bøn, til dømes denne:

L | Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne.

Alt vi eig høyrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende.

K eller L | Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.

IV. nattverd

17 | Førebuing av måltidet

Salme

Takkofferet kan ein samla inn her eller under ledd 18.

Ein samlar inn takkofferet under salmesongen og ber det fram medan altarbordet blir dekt.

Brød og vin blir sett på altaret, dersom det ikkje vart gjort då gudstenesta tok til.

Ein legg brød på disken og heller vin i kalken.

Når førebuinga er ferdig, kan ein lesa ei kort bøn, til dømes bøna ovanfor (ledd 18) eller denne:

L | Velsigna er du, Gud. Di er jorda og alt som fyller henne. Av ditt eige gjev vi deg attende. Sameina di kyrkje av alle folkeslag og tungemål. Liksom kornet

har vorte eitt i brødet og druene i vinen, så gjer oss til eitt med kvarandre og med Herren Jesus Kristus.

A eller L | Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.

18 | Takkseiing og bøn

Helsing prefasjonsdialog

L syng eller seier | Herren vere med dykk.

K reiser seg og syng | Og med deg vere Herren.

L | Lyft dykkar hjarte.

K | Vi lyfter våre hjarte til Herren.

L | Lat oss takka Herren vår Gud.

K | Det er verdig og rett.

Innleiande lovprising prefasjon

Lovprisinga under innleiinga er anten knytt til kyrkjeåret (sjå side 2.67–2.70), eller tilpassa den enkelte nattverdsbøna (sjå side 2.71–2.78).

Heilag sanctus

A syng | Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

Nattverdsbøn med Innstiftingsorda verba

Nattverdsbøner med Innstiftingsord, sjå side 2.71.

Under innstiftingsorda lyfter liturgen først disken, deretter kalken.

Etter innstiftingsorda kan liturgen og kyrkjelyden seia:

L | Mysteriet i trua er stort.

A | Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.

Denne setninga kan leggjast til:

A | Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

Fadervår

Kan lesast eller syngjast.

A | Vår Far i himmelen. Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen. Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Amen.

eller

A | Fader vår, du som er i himmelen. Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen. Gjev oss i dag vårt daglege brød. Forlat oss vår skuld, som vi òg forlèt våre skuldmenn. Før oss ikkje ut i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt, og makta og æra i all æve. Amen. .

19 | Nattverdsmåltidet

Fredshelsing pax

L | Guds fred vere med dykk.

K | Guds fred vere med deg.

For ei meir utførleg fredshelsing, sjå Rettleiing til hovuddelane i gudstenesta, side 8.46.

Her kan koma:

Brødsbryting

Når det skal vera brødsbryting, kan liturgen seia:

L | Brødet som vi bryt, gjev oss del i Kristi kropp.

Vinen som vi drikk, gjev oss del i Kristi blod.

Du Guds Lam agnus dei

Liturgen kan seia, her eller etter Du Guds Lam:

L | Kom, for alt er gjort ferdig.

A syng | Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss. Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.
Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, gjev oss din fred.

Utdeling

Utdelingsmåtar, sjå Rettleiing til hovuddelane i gudstenesta, side 8.53.

Under utdelinga kan ein syngja éin eller fleire salmar, eller det kan vera korsong eller annan høveleg musikk.

Utdelingsorda lyder slik:

Dette er Jesu lekam.

Dette er Jesu blod.

eller

Kristi kropp gjeven for deg.

Kristi blod utrent for deg.

Den enkelte kan svara: **Amen.**

Born og andre som kjem fram og viser at dei ikkje skal ta imot nattverden, blir velsigna av den som ber brødet, med handspålegging eller krossteikning. Som velsigningsord tilrår ein å bruka eitt av desse orda:

Gud velsigne deg og vare deg.

eller

Herren velsigne deg og vare deg og føre deg til det evige livet.

eller

Herren velsigne deg og vare deg frå det vonde og føre deg til det evige livet.

Dersom det er utdeling med felles knefall, kan fredsønsket koma til slutt eller etter kvart knefall.

Etter utdelinga:

L | Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin heilage lekam og sitt dyre blod som han gav til soning for alle våre synder.

A eller L | Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann

tru til det evige livet.

L kan leggja til | Fred vere med dykk.

20 | Avslutning av måltidet

Takkebøn

Her bed ein ei av takkebønene nedanfor, ei som er lokalt utforma, eller ei anna høveleg takkebøn:

L/ML | Vi takkar deg, nådige Gud, du som gjennom brødet og vinen har gjeve oss del i Jesu Kristi sigerrike død og oppstode.

A eller L/ML | Styrk oss ved din Ande til vitnemål og teneste i verda.

eller

L/ML | Himmelske Far, takk for dine velsigna gåver. Vi bed at du ved desse gåvene vil halda oss fast i trua på deg, sameina oss i din kjærleik og stadfesta i oss vona om det evige livet, for Jesu Kristi skuld.

Eller L/ML | Trufaste Gud, du som i dåpen har gjeve oss barnekår

og gjort oss til arvingar i ditt rike. Vi takkar deg for dette måltidet, der du har gjeve oss forlating for syndene og fornya oss i trua på dine lovnader.

A eller L/ML | Styrk oss ved din Ande til vitnemål og teneste i verda.

eller

L/ML | Vi takkar deg, visdoms Gud, for den djupe løyndomen i ditt måltid: Brødet vi har brote, er eitt. Son din har gjeve sitt liv for éi verd og éi menneskeslekt.

	<p>A eller L/ML Vi bed deg: Hjelp oss å høyra det ropet du har høyr, å sjå den nauda du har sett, og å elska nesten vår som oss sjøve.</p> <p>Kalken og disken blir dekte med kalkkledet. Kalken, disken, vinkanna og brødeska kan setjast tilbake på sidebordet.</p>	
	<p>V. sending</p> <p>21 Salme</p> <p>Salmen kan flyttast til Postludium/Utgangsprosesjon, ledd 26.</p>	
	<p>22 Velsigning</p> <p>Når det gjeld velsigningsord som kan brukast på andre hovudgudstenester enn høgmessa, sjå side 2.83.</p> <p>Velsigninga blir lesen eller sungen.</p> <p>Kyrkjelyden står under velsigninga.</p> <p>Velsigninga kan den enkelte ta imot ved å gjera krossteikn.</p> <p>Innleiing til velsigninga kan vera:</p> <p><i>Lovprising</i> benedicamus</p> <p>L/ML syng Lat oss prisa Herren.</p> <p>K Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.</p> <p>eller</p> <p><i>Helsing</i> salutatio</p> <p>L seier eller syng Herren vere med dykk.</p> <p>K Og med deg vere Herren.</p> <p>eller</p> <p>L seier Ta imot velsigninga.</p> <p><i>Velsigning</i></p> <p>L seier eller syng Herren velsigne deg og vare deg. Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.</p> <p>Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred.</p> <p>K Amen. Amen. Amen.</p> <p><i>Tre gonger tre bøneslag</i></p>	
	<p>23 Utsending</p> <p>Dersom kyrkjelyden blir sitjande under det etterfølgjande postludiet, kan</p>	

	<p>utsendingsordet seiast etter postludiet.</p> <p>L/ML Lat oss gå i fred, A i Jesu Kristi namn. eller L/ML Lat oss gå i fred A og tene Herren med glede. eller L/ML Gå i fred. eller L/ML Gå i fred. Ten Herren med glede. eller eit anna utsendingsord som høver til særpreget for dagen. Det kan eventuelt òg formulerast eigne utsendingssord. <i>Sjå side 2.84.</i></p>	
	<p>24 Postludium/Utgangsprosesjon</p> <p>Dersom det er utgangsprosesjon, kan kyrkjelyden følgja etter prosesjonen. I staden for postludium kan kyrkjelyden syngja ein salme medan ein går ut. Etter gudstenesta kan kyrkjerommet vera ope ei stund, med høve til stille bøn og ettertanke.</p> <p>Ein kan òg følgja opp det diakonale oppdraget ved utsendinga med fellesskapsamling, soknebod, anna besøksteneste, forbønsteneste og andre handlingar.</p>	